



OSTERØY KOMMUNE
Sektor for miljø og teknikk



Hordaland fylkeskommune
Pb 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref.:

Vår ref.:
13/2429-3 ROH
13/24673

Arkiv:
N-567

Lonevåg
20.12.2013

HØYRING - HANDLINGSPLAN FOR TRAFIKKSIKRING I HORDALAND 2014-2017

Osterøy kommune har handsama forslag til «Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014 – 2017».

Kommunen har ingen merknader til planen.

Vedlagt kopi av sakspapir.

Med helsing

Roald Hovden
sektorleiar

OSTERØY KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saksnr	Sbh
Plan- og kommunalteknisk utval	04.12.2013	140/13	ROH
Komite for oppvekst, idrett og kultur	04.12.2013	028/13	ROH

Saksansvarleg Roald Hovden	Arkiv: N-567 Objekt:	Sak ID 13/2429
-------------------------------	-------------------------	-------------------

HANDLINGSPLAN FOR TRAFIKKSIKRING I HORDALAND 2014-2017 - HØYRING

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Rådmannen gjer ikkje framlegg til vedtak.

04.12.2013 PT-140/13 UTVALET SI HANDSAMING:

Leiar gjorde slikt framlegg: «Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014 – 2017-
høyringsutkast vert teken til vitande.

AVRØYSTING

Framlegget vart samrøystes vedteke.

04.12.2013 KOIK-028/13 UTVALET SI HANDSAMING:

Leiar bad om at status for tidlegare prioriterte trafikksikringstiltak vert lagt fram til neste møte.

Komiteen tok etter dette saka til vitande utan andre merknader.

FAKTA

Hordaland Fylkeskommune har sendt Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017 ut på høyring.

Føremålet med planen er å definera dei viktigaste måla for trafikksikringsarbeidet i fylket, samt prioritera satsingsområde og konkrete tiltak for å oppnå målet om ein reduksjon i drepne og hardt skadde i åra framover.

Handlingsplanen har tre særskilte satsingsområde:

- Trafikksikringsarbeid i kommunane,
- Møteulukker i tettbygd strok
- Mjuka trafikantar i byområde

Frist for høyringa er 20.12.2013 og endeleg handlingsplan lagt fram for fylkestinget i mars 2014.

Kommunen skal no i gong med ny trafikksikringsplan for Osterøy. Ein har fått kr.100.000,- i tilskot frå fylkeskommunen til arbeidet. Folkehelsekoordinatoren i kommunen vil vera leiar for prosjektet.

RÅDMANNEN SI VURDERING

Saka vert lagt til orientering og eventuelle merknader/innspeil til Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017.

Rådmann viser til faktadelen og har elles ikkje merknader til saka.

Dato for saksutgreiing: 22.11.13

Trykte vedlegg: Brev frå Hordaland fylkeskommune datert 08.11.13 med høyringsutkast